



# Lesekroken

Undervisningsopplegg til artikkelen  
«Då skateboard var forbode»



## Då skateboard var forbode

Av: **TUVA BJØRKVOLD**

– Forfatter, ressurslærer for Nysgjerriger og førsteamanuensis ved OsloMet

I **ARTIKKELEN SOM** handlar om skateboard-historie i Noreg, er det nytta symbol for å vise at skateboardet var forbode. Det er laga ein ring med strek gjennom over eit skateboard, nett som på trafikkskilt. For å komme inn i tankegangen om at ein kan gi beskjed om at noko er forbode, skal elevane fyrst søke på internett etter skilt som syner at noko er forbode.

- 1 Søk saman i klassen eller aleine etter skilt som viser at noko er forbode. Skriv «forbudsskilt» eller «forbodsskilt» og trykk på «bilde», så de berre får fram bilde av skilt. Snakk saman:

  - Korleis ser skilta ut? (Farge, form, strekar, bilde inni, type teikningar)
  - Kva er felles for dei ulike skilta?
  - Beskriv skilta med fagomgrep, så nøye som mogleg.
    - Raud sirkel
    - Kvitt botn
    - Raud strek som går ned frå venstre mot høgre, som frå 10 til 5 på ei klokke
    - Streken går over det som er forbode
    - Svart teikning frå sida, todimensjonal, av det som er forbode
  - Kva for saker er forbodne (å køyre inn, å nytte bil/sykkel/skateboard, å ta med noko, for eksempel hund/paraply, å gjere noko som å symje / lufte hunden / rope)?
- 2 Elevane skal no lage sitt eige skilt av noko som skal vere forbode:

  - Noko dei vil skal vere forbode
  - Noko dei absolutt ikkje vil skal vere forbode
  - Noko som det hadde vore rart eller moro å forby





# Lesekroken

Oppgaver til artikkelen  
«Då skateboard var forbode»

Av: **TUVA BJØRKVOLD**

## 1 Søk på internett etter skilt som syner at noko er forbode

- a Skriv «forbudsskilt» eller «forbudsskilt» i søkefeltet.
- b Trykk så du berre ser bilde av skilta.
- c Kva er typisk for skilta som viser at noko er forbode?



## 2 Lag ditt eige skilt av noko som skal vere forbode, og som ikkje er det frå før

Velg sjølv om det skal vere noko:

- du vil skal vere forbode
- du absolutt ikkje vil skal vere forbode
- noko som det hadde vore rart eller moro å forby

## 3 Detektivlesing

- a For kor mange år sidan var det forbode å skate i Noreg?
- b Kva for skilnader ser de på skatarar frå 1976 og frå i dag?
- c Kva for triks nytta skatarar for å skjule at dei skata, då det var forbode?

